

Årsmelding for Odda Fjellstyre 2016

Odda Fjellstyre er eit politisk vald organ, som fungerer i ein valperiode på 4 år.

Odda fjellstyre har følgande samansetning:

Eivind Tokheim, leiar
John Helge Rasmussen, nestleiar
Britha Sandal, sekretær
Mariann N Berge
Ørjan Angell

Personlege varamedlemmer:

Audun Kvandal
Jarle Vangen
Bjørn Buer
Jan Ove Vintertun
Oddrun Løyning

Fjellstyret har hatt 4 ordinære styremøter og utdeling av jaktkort. I dei ordinære styremøta er det handsama 26 saker. Prisar på jaktkort vart uendra for fritt dyr (kr 1.600,00), simple med påført kalv vart kr 1.200,00.

Viktige saker i 2016:

1. Fredningskorridorar i villreinjakta har blitt vidareført utan endringar.
2. Skifting av kledning på halve hytta og kledd yttergang mot vest i Belebu.
3. Kjøpt to nye aluminiumsbåtar til Bjørnavassbu
4. Det vart gjennomført vaskedugnad i både Belebu og Bjørnavassbu vinteren 2016. Ein del nytt utstyr er handla inn til begge hyttene.
5. Styret vedtok å ta del i sekretærordninga når fjellstyre på Hardangervidda lyser ut stillinga i 2017.

Oversikt hytteutleige

Hytte	Inntekt 2015	Inntekt 2016
Belebu	25.600,00	28.080,00
Bjørnavassbu	18.970,00	13.680,00
Langevatn	480,00	2.300,00
Sum	45.050,00	44.060,00

Utleigeprisen på hyttene var uendra, kr 80,00 pr natt. Leigeinntektene er om lag uendra, men Belebu vert stadig meir populær.

Medlemmer av Odda Fjellstyre var representert i følgande styrer:

Medlemmer av fellesstyret for Ullensvang Statsalmenning:

Eivind Tokheim (leiar), Ørjan Angell og John Helge Rasmussen .

Medlem av villreinutvalet for Hardangervidda:

Ørjan Angell

Fjellstyra på Hardangervidda AS

Eivind Tokheim, nestleiar i styret.

Fjellstyret sitt vanlege arbeid:

Fjellstyret står for forvaltning av jakt i Ullensvang Statsalmenning. Odda har 1/3 av korta, som i 2016 utgjorde 254 kort, + 216 kalvar påført simlekorta. Det var ikkje samjaktavtale i 2016. Alle som ønskte det frå Odda fekk jaktkort. Odda sine jegrar felte 116 vaksne dyr og 36 kalvar, totalt 152 dyr. Dette var etter forholda ei bra felling.

Hovudinntektskjelda for fjellstyret er sal av jaktkort til villreinjakta og utleige av fjellstyret sine hytter.

Odda Fjellstyre eig hyttene Belebu, Bjørnavassbu og Langavassbu. Hyttene kan leigast av alle, men innbyggjarar i kommunen har fortrinnsrett. Vi har også i 2016 hatt svært god hjelp av mange utanfor fjellstyret til slutføring av toalettbygg, vedlikehald, vask og transport til hyttene, og nemner mellom andre:

Ove Løyning med familie
Christian og Lene Lee med familie
Odd Einar Øyna
Frode Mæland
Dagfinn Damsgaard
Heine Eikemo
Audun Kvandal
Eivind Børve
Runar Johanson

ODDA 18.05.2017

Eivind Tokheim
Leiar

John Helge Rasmussen
Nestleiar

Ørjan Angell

Mariann N Berge

Britha Sandal